



Saksvedlegg: Sak 4/2018: Etablering av regionalt samarbeidsorgan

Bakgrunn:

I tråd med regelverket for Program for folkehelsearbeid i kommunane skal fylkeskommunen etablere eit regionalt samarbeidsorgan for å forankre utviklingsarbeidet i kommunane og for å knyte forskingskompetanse til prosjekta. Etablert struktur for samhandling kan også nyttast. Fylkeskommunen skal vere sekretæriat for samarbeidsorganet.

«Det regionale samarbeidsorganet bør ha deltaking frå leiarar på politisk nivå i fylkeskommunen, kommunar og frå høgskular/ universitet/ kompetansesentre. Det bør også vurderast om andre aktørar bør delta i samarbeidsorganet, slik som fylkesmannen, frivillige organisasjonar, ungdom, KS m. fl.» s. 8 i program omtalen.

Det tidlegare partnerskapet for folkehelse i Hordaland etablert i 2007, blei av ulike grunnar avvikla i 2014. Fylket har i dag ikkje eit strategisk og avtalebasert partnerskap for folkehelsearbeidet. I handlingsprogram til Regionalplan for folkehelse som skal sluttbehandlast i fylkesutvalet den 01.02.2018, er tiltak knytt til å etablere og utvikle regionalt samarbeidsorgan for folkehelsearbeidet i Hordaland lagt inn. Målet med tiltaket er på kort sikt å forankre og følge med utviklingsarbeidet i kommunane gjennom Program for folkehelsearbeid. På lengre sikt vurderer å utvikle eit strategisk organ for å ivareta rolla som regional utviklar i folkehelsearbeidet. Dette må også knytast opp mot samarbeidsmodellar som skal drøftast inn i nytt fylke.

Hordaland fylkeskommune har invitert inn samarbeidsorgan med representantar frå kommunane, frå kunnskaps- og forskingsmiljø, fylkesmannen, frivillig sektor, politisk og administrativ leing i fylkeskommunen, ungdomsrepresentantar og NAV.

Oppgåver/mandat for arbeidet vil bli evaluert og endra ved behov. Samarbeidsorganet bør møtast to-tre gangar årleg.

Til drøfting. Forslag til mandat og oppgåver for arbeidet:

- Samarbeidsorganet skal følge med i arbeidet knytt til Program for folkehelsearbeid i kommunane, og vere oppdatert på tiltaksutviklinga i kommunar som har fått tilskotsmidlar.
- Samarbeidsorganet vil bli årleg orientert om framdrifta, og kan drøfte utviklinga av programmet.
- Samarbeidsorganet skal drøfte og gje råd til fylkeskommunen på val av kriterier for å inkludere kommunar og tiltak inn i programmet.
- Samarbeidsorganet skal drøfte og gje råd for endeleg val av kommunar og tiltak inn i programmet, etter opne søknadsprosessar. I dette ligg også råd knytt til fordeling av tilskotsmidlar. Sentralt i vurderinga er å sjå føremål og nytte av tiltaket, kunnskapsgrunnlag og om tiltaket kan gjennomførast og evaluerast.
- Samarbeidsorganet skal gje råd om fylkeskommunen kan stå som tiltakseigar for prosjekt i vidaregåande skular/opplæring, om det er etablert samarbeid med ein eller fleire kommunar.